

# Kyrkje klokka

Nr. 4 - 2012

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

76. årgang

## Grønt kor

Les om Stryn Barnekor sitt grøne engasjement og omtanke for jorda vår.



Side 16

”Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.”  
*(Lukas 2. 19)*

Juleandakt side 2

## Johan skriv om sin julesalme

Johan Gjørven deler sine refleksjonar om ein vakker julesalme.

Side 12



## Kristendom i lommeformat

Treng du ein liten repetisjon av det sentrale trus-innhaldet i den kristne trua, så får du god hjelp av denne vesle foldaren som kyrkjelydane i indre Nordfjord har utvikla i samarbeid. Foldaren blir brukt både i konfirmant-arbeidet og til utdeling i kyrkjene.



Side 11

## Konfirmantar på Afrika-tur

Fleire frå våre bygder har vore på langtur i haust, og sit att med mange og sterke inntrykk frå eit spennande kontinent. Inne i bladet finn du reportasjar frå konfirmantturen som Kirkens Nødhjelp arrangerde til Malawi i sørøst-Afrika, og frå Stryn Blandakor sin tur til Sør-Afrika i oktober. Mange venskapsband er knytte mellom nord og sør på desse turane. Les meir om dette på

side 4 og side 8.



## Nye tonar i kyrkjemusikken

Ein kyrkjemusikalsk dugnad har i haust resultert i både nye instrumentklangar, fleire lokale utøvarar og ny musikk inn i gudstenestene i Nedstryn. God organisering og velvilje frå lokale amatørmusikarar har vore viktig for å få dette til.

Side 3



# Juleandakt

***"Men Maria gjøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det."***  
***(Lukas 2. 19)***

**H**ar du som les dette tenkt gjennom denne setninga frå juleevangeliet? Maria høyrd ord om Jesus frå nokre hyrdar som kom til henne og tala om barnet ho hadde fødd. Maria let tankane sine bli fyllt av desse orda. Dei var Guds ord, som overtydde henne om kven barnet hennar var og kva han måtte gjenomgå for å bli vår frelsar. Slik virkar alltid orda om Jesus. Dei overtyder og skapar tru på han.

Kanskje har du erfart at det er enkelte ord om Jesus som du ikke gløymer? Av og til talar desse orda til deg på en slik måte at det blir klart for deg at ditt forhold til Jesus avgjer korleis det skal gå deg i æva. Orda grip deg og minner deg om at du må få forholdet ditt til Gud i orden. Ved juletid kjem kanskje slike ord til deg igjen.

Kanskje har du likevel levd mange år utan at desse orda vart meir enn påminningar? Kanskje har du tenkt at når det la seg betre til rette, så skulle du bli ein kristen. Eller du har konkludert med at du ikkje lenger kan bli frelst. Livet

ditt vart annleis enn du trudde. Kanskje også annleis enn du ein gong håpa, og du synes ikkje lengre du har noko å gje til Jesus. Ein gong meinte du at du hadde eit heilt liv å gje han. Du valde i staden å leve for deg sjølv, og så tapte du alt du kunne gjeve til

likevel vere vår frelsar, og når du blir hans så kan han også bruke deg slik han brukte Josef og Maria. Trass sin fattigdom ga dei han ein heim.

I dag kjem Jesus til deg. Ikkje for å krevje av deg. Heller ikkje for å døme deg, men for å tilgje og viske ut alt det du har gjort gale i livet ditt. Alt som er synd, alt som går imot deg, alt som dørmer deg. Slik kjem han til deg i dag fordi han bar dine synder og gjorde definitivt opp for dei den første gongen han kom. Spør du korleis du kan ta imot han? Svaret er enkelt. Gjer som Maria.

Ta ordet om Jesus til deg. Då tek du også imot han. Då blir alt det han vil gje deg ditt, og du blir eit frelst menneske. Det er deg han har frelst og vil eige i tid og æve.

*Andakten er skriven av Arne Helge Teigen, dr. teol. og lærar ved Fjellhaug Misjonshøgskule.*



han. Ja du tapte ikkje berre det, men også eit liv saman med Jesus. Har du det slik vil eg minne deg om noko.

Dei som ga Jesus hans første heim hadde ikkje så mykje å gje han. Dei var fattige menneske. På ein noko annan måte enn du og eg kanskje. Likskapen mellom dei - du og eg, er der likevel. Verken du eller eg har eigentleg noko som er godt nok å gje til Jesus. Våre gjerningar strekk ikkje til. Jesus vil



# Nye tonar i kyrkjemusikken

**Nedstryne kyrkjelyd har i fleire år vore prøvekyrkjelyd for den nye gudstenesteordninga som no blir innført, og har og valt utprøving av nye musikalske arbeids- og uttrykksformer som ein del av dette.**

når det gjeld salmar/songar og den liturgiske musikken, - og meir er i vente. Bjarte fungerer som koordinator og organisator, og har regien på både musikkarar og notar. Han gjer og avtalar med frivillege musikkarar og syter for å øve inn stoffet på førehand. Iflg. Bjarte har det så langt vore lett å få tak i musikkarar og dei fleste som

blir spurde seier ja med ein gong. Det er lagt vekt på å skape variasjon både når det gjeld alder på musikantane, instrumentering og musikkval. Eit døme på spennvidda i dette er då Jon Fredrik Hopland framførte sin imponerande trommesolo ved ei gudsteneste tidlegare i haust!

Med bakgrunn i at kyrkja har mangla



Desse var med å sette sitt preg på gudstenesta Helgemessesonndag: Bak frå v. Tore Bøe (bass, saksofon), Anne Mari Alden (waldhorn), Line Bø Håheim, Randi Beinnes og Ingvar Havnen (klarinett). Framme frå v. Galya Radeva Radkova (piano), Jan Gudmund Skrivervik (song), Jan Nygård (gitar) og Bjarte Sætre (keyboard/synth).

Bl.a. har soknerådet vedteke å bruke Tore Aas sin liturgiske musikk i tillegg til den musikken dei fleste av oss kjenner gjennom mange år. Tidlegare i år vart Bjarte Sætre tilsett i deltidsstilling som trusopp-læringsmedarbeider, med særleg ansvar for tilrettelegging av musikken i gudstenestene i Nedstryne. Og arbeidet har allereie bore frukter. På fleire gudstenester i haust har kyrkjelyden fått gode musikalske opplevingar - og overraskingar - både



Ved gudstenesta den 18.11. fekk vi høyre desse musikantane: Frå v. Gunnhild Sindre (fele) Leszek Wolczek (orgel), Synnøve Hjellbakk Hole (fele) og Bjarte Sætre (keyboard/synth).

fast organist ei tid har dette tiltaket vore eit viktig supplement. Men her snakkar vi ikkje enten-eller, men snarare både-og. Vi har vore så heldige å få tilsett Oddvar Bergset i den ledige organist-stillinga i Nedstryne, og han tek til i stillinga på nyåret. Dermed ligg det an til at vi både får høyre meir til det gode orgalet i kyrkja, og til fleire spennande gudstenester der variasjon og ulike kombinasjonar av instrument og song blir å høyre.

Det gler vi oss til!

## Nordfjord-konfirmanter på lærerik tur

Tekst: Kristin Stensrød. Foto: Miriam Flo.

**Tidligere i høst var 4 konfirmanter fra Stryn og Hornindal med på en spennende reise til Malawi, sammen 10 andre konfirmanter fra Nordfjord og noen voksne reiseledere. Konfirmantene fra indre Nordfjord var Oliver Haugen, Hornindal, Odd Sindre Tonning, Olden, Mona Skåden, Innvik og Miriam Flo fra Flo.**

Vi var 14 konfirmanter og tre voksne som reiste fra Norge - to konfirmanter fra hvert fylkesrådsområde/kommune. De tre voksne var Fridleif Lydersen, prest i Bremanger, Gunnar Kartveit, regionsleder for Kirkens Nødhjelp i Bjørgvin og Kristin Stensrød, prest på Eid. I Malawi var det Oddbjørn og Reidun Flem som hadde laget opplegget for oss - Oddbjørn er sjef for KN i Malawi. Reidun var med oss på stort sett hele turen, og Oddbjørn var med på deler.

Det var en spennende og flott tur, med mange sterke opplevelser og inntrykk, både for konfirmantene og for oss voksne som reiste. Kirkens Nødhjelp jobber i all hovedsak med tre ting i Malawi. Vann: både vannpumper og brønnboring i landsbyer og



Fra venstre: Gunnar Kartveit, Oliver Haugen, Fridleif Lydersen, Bjørn Tore Osdal, Odd Sindre Tonning, Jakob Bredesen, Ole Preben Fuglestrand, Markus Frislid.

vanningsanlegg til jordbruk. Utdanning: KN er spesielt engasjert i et prosjekt for å utdanne sjukepleiere og jordmødre, og er for tiden involvert i å bygge skoler. Malawi har

behov for 30.000 sjukepleiere - i 2003 var det ca. 3.000 sjukepleiere. I år er det over 10.000, takket være blant annet innsats fra Kirkens Nødhjelp.

Trafficking, eller menneskehandel, er ikke uvanlig i Malawi, fattige familier selger barna sine, både til slavearbeid og til prostitusjon. KN driver arbeid for å stoppe menneskehandel, og driver opplysning og holdningskampanjer. I tillegg har de sentrale for barn som er reddet fra menneskehandel.

På turen vår besøkte vi en sjukepleierskole og fikk se nye, flotte internat, undervisningsrom og bibliotek. Vannprosjektene som nå drives i Malawi lå for langt unna til at vi kunne se de på vår tur - infrastrukturen i landet er ikke god, og det er vanskelig å reise og samtidig utnytte begrenset tid godt. Vi besøkte med vilje ikke et senter for menneskehandel-offer av hensyn til de som bor der.

Vi fikk derimot se mye annet, som også var viktig på en sånn tur. Vi var i en kulturell landsby - altså en landsby som var bygd opp for å vise kulturen i Malawi, med mulighet for overnatting og med butikker med lokal kunst og håndtverk. Ungdommene fra Nordfjord fikk lage keramikk-krukker og



Fra venstre: Cammila Hauge, Sunniva Hole, Emma Hagen, Sofie Holm Sæterlid, Mona Skåden, Ingrid Ose, Margit Dammerud, Kristin Stensrød og Miriam Flo.

## Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Tore Bøe,  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsforar/abonnement:  
John Selmer Skiftesvik,  
6788 Olden, tlf. 57 87 33 85  
[john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenget er frivilleg.  
Vi takkar for betaling og støtte.

## Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

### INNVIK prestekontor

Tlf. 57874123  
Mobil 91184241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10-12  
Privat 57874115  
[harald.runde@c2i.net](mailto:harald.runde@c2i.net)

### STRYN prestekontor

Tlf. 57874812  
Mobil 91103134  
Sokneprest Kjetil Netland  
Privat 57871029  
[kjetil.netland@stryn.kommune.no](mailto:kjetil.netland@stryn.kommune.no)

### HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57879833  
Mobil 97689366  
Vikarprest Sigurd Stige  
Kontortid:  
Tysdag 9-12 og torsdag 9-12

## KYRKJEVERJER

Stryn kommune  
Borghild Skarelven  
Tlf. 57874811  
Mobil 91327882  
[borghild.skarelven@stryn.kommune.no](mailto:borghild.skarelven@stryn.kommune.no)

### Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57879834  
Privat tlf. 57879653  
Mobil 97084120  
Måndag 8-15, torsdag 9-13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)



*God stemning då konfirmantar frå både Nordfjord og Malawi var samla til fotballkamp og moro!*

### Framhald frå side 4

smykker, og vi ble servert lokal mat. Her fikk vi også se tradisjonell dans og sang - veldig ulikt det vi er vant til.

Vi var på kirkebesøk i en presbyterianisk kirke. Først var vi med på gudstjeneste, og så var vi på søndagsskole med de eldste barna. De eldste av disse ble så invitert til å være sammen med oss lørdagen før vi reiste.

Vi besøkte Mua Mission, et senter for Malawisk kultur, drevet av katolikker. Vi var på museum og fikk se masker og ritualer fra Malawis både eldre og nyere historie. I landsbyene lever ofte de gamle ritualene og kristendommen side om side, til tross for at de på mange måter ikke er forenlig. Vi var også en tur til Malawisjøen, der vi fulgte barn fra landsbyen Senga Bay til skolen, og var med på to skoletimer. Dette var en fattig landsbyskole, med 1875 elever, og med 80-90 elever i hver klasse, som satt på gulvet og fikk undervisning. Møte med den malawiske skolehverdagen var nok noe av det som gjorde det største inntrykket på konfirmantene. Konfirmantene hadde samlet inn penger og skolemateriell som vi overrakte på skolen. Det ble tatt i mot med stor takk, selv om det på langt nær var nok til alle.

Vi besøkte også en privat katolsk jente-skole. Der var standarden høyere, men mi-levis fra hva vi er vant med her i Norge.


Et besøk til den Norske ambassadøren ble det også tid til, og der fikk vi til og med vafler!

På siste hele dagen vår i Malawi fikk vi besøk av 15 ungdommer knyttet til den kirkja vi var i søndagen før, og vi tilbragte formiddagen med å spille fotball og ha konkuranser og prate med dem. Dette var noe av det de norske ungdommene satt størst pris på på turen.

En tur på markedet for å handle suvenirer måtte selvsagt også til, og selv med veldig ivrige og litt innpåslitne selgere, hadde mange morsomme opplevelser av prutting og handel, og alle fikk med seg litt av Afrika hjem :) ☺☺

Da vi omsider kom til Bergen og skilte lag til buss og båt hjem, var vi enige om at vi hadde vært med på noe helt spesielt og at vi hadde hatt en flott tur.

Vi voksne som reiste med ungdommene var også enige om at vi nok hadde hatt med oss kremen av norsk ungdom på tur. Det gjorde stort inntrykk å se hvordan de møtte alle med stor respekt, nysgjerrighet og interesse. De var ikke redde for å snakke med de møtte, og de tok initiativ i sosiale sammenhenger og var generelt veldig flotte i møte med en litt fremmed kultur. Vi var imponerte over dem, og stolte over å reise sammen med dem. Det har vært en flott tur, og et minne for livet for både unge og litt eldre. Det er også gledelig å se at det er knyttet vennskapsbånd både over kontinent og kommunegrenser. Takk til alle som har vært med å bidra økonomisk til at denne turen kunne gjennomføres.



---

Av Jon Ytrehorn

## Tankar langs vegen ...



# Ei juleforteljing til ettertanke

Det hende på ein russisk barneheim etter at jarnteppet fall. To amerikanske lærarar var inviterte av det russiske utanriksdepartementet til å undervise ved skular og forskjellige barneinstitusjonar. På ein barneheim blant hundre forsømde og misbrukte born opplevde dei noko som ingen av dei har kunna gløyme.

DET VAR like før jul, og det var avtalt at dei skulle fortelje julevangeliet for borna. Både born og tilsette følgde

levande med i forteljinga om Maria og Josef og Jesusbarnet. Nokre av borna sat ytst på stolen, som om dei var redde for ikkje å få med seg kvart ord. Etterpå fekk borna i oppgåve å lage sin eigen stall med krubbe. Dei fekk papp og andre ting dei trong, og tok ivrig fatt på oppgåva. I det ein av lærarane kjem bort til vesle Misha på 6 år, ser han at det ligg to babyar i krubba. Han spør om kvifor det låg to babyar. Misha, som aldri har høyrt juleevangeliet, fortel mest ordrett om det som skjedde. Men i det han kjem til staden der Maria legg barnet i krubba seier han:

*OG I DET Maria la Jesusbarnet i krubba  
såg Jesus på meg og spurde om eg hadde  
ein stad å vere. Eg fortalte at eg hadde  
korkje pappa eller mamma eller nokon  
heim. Då sa Jesus at eg kunne vere hos*

Forteljinga om  
Misja er henta  
frå bladet  
"Misjon uten  
grenser".  
Nr. 4 -v. 2008.

*han. Eg svarte at det kunne eg ikke, for eg hadde ikke noko g  e    gje han, som alle andre. Men fordi eg hadde s   veldig lyst til    vere hos han pr  vde eg    kome p   noko som eg kunne bruke som g  e. S   spurde eg Jesus: "Om eg held deg varm, vil det vere ei god nok g  e?" Og Jesus svarte: "Dersom du held meg varm, vil det vere den beste g  ava eg nok kom gong kunne f  ." S   kraup eg opp i krubba saman med Jesus, og han fortalte meg at*

*Den vesle guten hadde funne nokon som aldri ville misbruke han, men alltid ville vere hos han.*

*eg kunne vere hos han for alltid, avslutta Misha.*

DÅ DEN VESLE GUTEN var ferdig  
braut han saman i gråt. Tårene rann og  
rann. Han gøymde ansiktet i hendene  
sine medan heile kroppen riste av gråt.  
Hulkande la han hovudet sitt mot bord-  
plata. Forteljaren seier det slik:  
"Den vesle guten hadde funne nokon  
som aldri ville misbruke han, men som  
ALLTID ville vere hos han. Den dagen  
lærte eg at det er ikkje KVA du har i  
livet, men KVEN du har."

DENNE FORTELJINGA talar til hjartet  
Den vender seg til kjensler og til inn-  
levning. Den ykkjer oss til ettertanke

Vi bur i eit land med ein velstand som er eineståande. Vi har fridom, vi har fred og vi har velferd for dei aller fleste. Men utanfor vår dør finn vi dei som berre kan drøyme om slikt. Ikkje berre i andre land, men også hos oss finn vi mange som Misha. Born som lengtar etter å kjenne seg elska og verdsette. Let vi att augene og tenkjer at dette vedkjem ikkje meg? Eller opnar vi våre hjarte og gjev rom for innleving og handling?

□ Eg drøymer om ei jul der tanken på lidande, misbrukte born kan vekkje oss til handling der vi deler av vår rikdom, slik at vi gjev nokre av dagens mange Misha ei framtid med håp.

- ☒ Eg drøymer om at born og unge i vårt land om gruar seg til jul kan oppleve ei helg der vaksne let flaska stå og skaper ei familiehelg der borna kjenner seg sett, elskaa og trygge.

- Eg drøymer om ei jul der juleevangeliet kan lyde for store og små i heimane våre. Ikkje berre som ei romantisk forteljing, men blir ein bodskap som skaper undring, innleiving og glede og gjev grobotn for tru, håp og kjærleik. Slik det gjorde hos Misha.

GLEDELEG JUL!



*Ditt komme, Herre Jesus, forvandler jordens natt  
og bringer lys til mange som føler seg forlatt.  
Hjelp oss å gå i dine spor! La verden se din  
godhet igjennom dem som tror.*

Frå salmen Vi ser deg, Herre Jesus (NoS 71).  
av Svein Ellingsen

# Acta satsar på kor i Sogn og Fjordane

Av Stine L. Hopland

Vi i Acta kan no hjelpe deg å starte kor på din heimstatt!

Soul Children er Actabarn og unge i Normisjon si kor-rørsle. Det starta som eit enkeltståande kor i Oslo, men utvikla seg raskt til ei kor-rørsle med arbeid for fleire aldersgrupper, eigen festival, seminar og lokale/ regionale samlingar m.m. Vi i Acta Sogn og Fjordane har allereie fire Soul Children kor i fylket, men no satsar vi stort og ynskjer å doble dette i løpet av 2013. Så dersom du er ein musikalsk leiar/ dirigent, eller koreograf som ynskjer å starte kor, ynskjer vi å vere med å hjelpe!



Soul Children er nå den hurtigst voksende kor-rørsla i Norge, med over 80 lokale kor rundt i heile landet. Målgruppa i Soul Children er

5.-10.klasse, og det musikalske, det sosiale og det åndelege er tre likestilte områder i arbeidet!

Soul Children konseptet har mykje ferdig materiale å arbeide ut i frå, både cdar med sing-back, notar, dvdar med dans og rørsle til songane , samt diverse klede og effektar. Musikken er tilpassa aldersgruppa, og har materiale både på norsk og engelsk!

Vi har ein tanke om at mellom anna Sogndal, Førde og Florø er aktuelle stadar, men ynskjer å vere med der Du vil starte!

Kunne du tenke deg å vere med å starte Soul Children kor? Ta kontakt med Stine, på Normisjon og Acta sitt regionkontor på Sandane:

57 86 63 49 / 48 99 23 42.

## Vintertreff i Stryn



Ungdomsåret i Bjørgvin

### Er du klar for ei helg heilt utanom det vanlege?

Helga 8.-10. februar 2013 er det igjen duka for VinterTreff og i år går turen til Stryn. Også i år blir det eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal krinsar i KFUK-KFUM. VinterTreff er eit signal-arrangement og i det høve har biskopen meldt sin ankomst!

Her vert det konserter og ulike seminar som t.d. dans, drama, kor, band, direksjon, sport og hobby med Ten Sing Norway og andre. Det blir også Ten Sing-galla med Ten Sing-grupper frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, fokustimar, innebandy-turnering, gudsteneste og mykje meir!

Påmeldingsfrist er 25. januar 2013.

## kort sagt

„...jula er høgtida som gjer det gode betre, og det vonde vanskelegare. Og det er høgtida der vi ønskjer oss det beste for alle.

Oddny Torheim

„Om advent: Det å vente er nesten deilig, det gir spenning og sammenheng, det lenker dagen sammen og gir hele livet farge.

Ronald Fangen

## Stryn Blandakor i Sør-Afrika

Av Henny Koppen

Etter mange år med afrikanske songar på repertoaret, var det endleig klart for ekte vare. Koret pakka bagen, rigga seg til på

koret vart med på turen, men vi som reiste av garde vart sveisa saman, både koristar og andre deltagarar. Møtet med

afrikansk kultur, først og fremst musikk, var overveldande.

Det starta alt første dagen, med eit heftig, musikalsk møte på Africa Cafe. Arbeidstokken på restauranten opptredde for gjestane med song, spel og dans, og det

viste seg snart at vi hadde eit felles repertoire. Til stor glede for alle partar song vi saman, og det med eit lydnivå som berre finst i Afrika. Neste dag var det gudstenestebesøk i Langa, ein av dei svarte bydelane utanfor Cape Town. Her vart vi igjen møtte med eit lydnivå som nesten

sette oss ut av spel. Men ikkje heilt, når det var vår tur å synge vart vi møtte med fantastisk respons; jubel, tilrop, dans og verbal applaus som vi ikkje finn makin til på våre kantar. Seinare fekk vi møte marimbaorkester og ei ungdommellegruppe med danse- og



Margareth Flo i møte med glade afrikanske barn

flyet og sette kurset mot Cape Town, kanskje verdens vakraste by. Turen hadde hovudsakleg to sikttemål; å møte afrikansk kultur og natur på heimebane og å synge og oppstre mykje og bli skikkelig samansveisa som kor. Det siste lukkast vi ikkje heilt med, sidan berre halve

vi hadde eit felles repertoire. Til stor glede for alle partar song vi saman, og det med eit lydnivå som berre finst i Afrika. Neste dag var det gudstenestebesøk i Langa, ein av dei svarte bydelane utanfor Cape Town. Her vart vi igjen møtte med eit lydnivå som nesten



Spennande norsk-afrikansk kulturutveksling på gudstenesta i Langa i utkanten av Cape Town. Foto: Per Bjørnstad

trommegruppe. Vi hadde møte med ein lokal forteljar og visesongar og vi møtte eit kor til felles øving og framføring. Felles song med eit svart kor var sjølv sagt ei stor oppleveling. Dei lærte song av oss og vi av dei, og vi song saman på afrikansk vis, med trøkk og rørsler som vi ikkje visste vi kunne. Vi skaffa oss vene desse dagane, og epostane går flittig mellom Norge og Cape Town i desse dagar.

Sjølv sagt vart vi prega av møtet med dei fattige, svarte, og besøket på Robben Island vart ei veldig påminning om den urettferda som har prega landet. Behovet for å gjere noko dukka opp, og sjølv om vi hadde hatt med oss barnekleda til ein heil skuleklasse og sjølv om vi betalte godt for oss alle stader der vi fekk oppvartning, så ville vi gjerne gjere meir. Så då vi vart kjende med Ayanda, som drøymer om å studere fysioterapi, vart avgjerd teken på strak arm: Vi betaler skulepengane for henne. Slik fekk Stryn Blandakor eit «adoptivbarn» i Sør Afrika.

Møtet med naturen rundt Cape-halvøya gjorde også inntrykk. Vi hadde båttur til Robben Island og båttur til ein selkoloni. Vi hadde fjelltur til Table Mountain, fotur på kappet og busstur til vindistriket i aust og til nasjonalparken i sør. Vi opplevde eit dyreliv som vi knapt hadde venta, det var alt frå ein sjeldan zebra-rase ved Kapp gode håp til danseoppvisning av kvitkval ute i False Bay. Vi var i den største, botaniske hagen i Afrika og vi besøkte ein flott, gammal herregard ved Stellenbosch.

Å vere på tur med kor er meiningsfylt på alle vis. Over alt fekk vi respons på songen vår, mest på det afrikanske stoffet, men også på dei norske songane våre. Atter ein gong fekk vi bevist at musikk skaper kontakt. Det er eit språk som alle forstår og som knyter menneske saman. Det er kanskje det sterkeste inntrykket vi har med oss heim frå Sør Afrika. Finst det nokon der ute som enno ikkje syng i kor? Tenk dykk om!

**“ Kravet om travelhet og effektivitet har sneket seg inn også i våre kristne kirker og menigheter. .... Vi trenger å være før vi kan gjøre. Vi trenger å kjenne at vår verdi er uavhengig av det vi presterer.**

Ingunn Breistein på verdidebatt.no

**“ Gud. Vi ber deg for vår jord.  
Hold dine hender over dem som kjemper, som lider og dør.  
Gi oss fred. Hør vår bønn.  
La oss skimte stjernen over Betlehem.**

Gml. julebøn

## Lærernes Misjonsforbund - LMF

Dette er ein misjonsorganisasjon som er lite kjend for dei fleste, difor ønskjer vi å orientere om dette arbeidet. Det var fem lærerinner i Oslo som starta LMF med namnet Lærerinnenes Misjonsforbund i 1902. I dag er der 82 grupper. Ein kan stå som direkte medlem eller tilhøyre ei gruppe. Organisasjonen finst også i Sverige, Danmark og Finland. På generalforsamlinga i sommar vart namnet endra til Lærernes Misjonsforbund, men med same forkortinga - LMF. Samstundes vart det opna for mannlige medlemmar. I 1982 vart det skipa ei gruppe med namnet Indre Nordfjord LMF. No har denne gruppa vore i arbeid i 30 år. Formålet med arbeidet er å samle

lærarar og andre som er eller har vore i undervisningstilling til bøn, gjensidig åndeleg hjelpe og til arbeid for kristen misjon. Vårt store ønske er at nye medlemmer kan kome til! Det vil gle oss. Både menn og kvinner, unge eller eldre, er velkomne, så dette er ei innbyding. Ta kontakt med sekretæren vår, Ruth Torheim, tlf. 48281368.

Helsing Indre Nordfjord LMF  
**Oddny Torheim**



## Ungdomsåret 2013

I 2013 er det Ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. Vi vil at ungdom mellom 15 og 19 skal oppleve kyrkja som livsnær og relevant. Vi vil at ungdom skal få oppleve at Jesus er venn for livet og at ungdom kan ta del i kyrkjelyden sin, og kjenne på fellesskapet. Her i Nordfjord sparkar vi ungdomsåret i gang med stor samling på Nordfjord folkehøgskule den 13. jan. Vi håpar å samle ungdommar frå heile fjorden, vi legg opp til ulike aktivitetar, seminar, og avsluttar dagen med gudsteneste skreddarsydd for ungdom.



## Kyrkjemedlemmer i Indre Nordfjord

Det har vore spørsmål etter medlemstal for Den norske kyrkja i sokna våre, og her kjem tala pr. 12. november 2012:

- Oppstryn: 456
- Nedstryn: 2638
- Loen: 475
- Olden: 861
- Innvik: 506
- Utvik: 299
- Randabygd: 161
- Nordsida: 452
- Hornindal 1129

## På kyrkjebakken

### Ny salmebok om eitt år

På Kyrkjedag for Nordfjord på Eid i november var bl.a. arbeidet med ny salmebok i fokus. Seniorrådgjevar Åge C. Haavik i Kyrkjerådet var invitert og hadde både føredrag og seminar om temaet. Arbeidet med den nye salmeboka er kome langt, og det var interessant å høre om det store arbeidet som ligg bak ei slik bok. Det var også høye til prøvesynging av både nye og gamle salmar. Den nye salmeboka skal vere klar før jul i 2013.



Åge C. Haavik,  
t.v. er sentral i  
arbeidet med ny  
salmebok

### Ressursbank for trusopplæring

Treng du gode idear til trusopplæringsarbeidet kan du sjekke nettsida "[ressursbank.kyrkja.no](http://ressursbank.kyrkja.no)". Her finn du gode tips og idear, og har du gjort erfaringar som er verdt å dele, så legg dei inn her, slik at fleire kan få glede av dei!

### "Pipekonsert" i Oppstryn

Orgelet i Oppstryn-kyrkja fyller 100 år neste år - og kyrkja blir 150! Etter ein reparasjon av orgelet i haust inviterte Frostskoddekoret den 22.11. til ein svært vellukka kombinert konsert og salmekveld for å markere at det etter er lyd i pipene. Soknerådet organiserer no ei innsamling for å sette orgelet i varig god stand til 150-årsjubileet neste år. Gåver kan innbetalast til konto 3795.22.86183.

## «Abrahams barn» i Operahuset

Ta turen til Operahuset på Eid den 23. februar kl. 18.00!

Svein Tindberg, som er kjend bl.a. for framføringa av Markus-evangeliet og Apostelgjerningene turnerer no med førestillinga

«Abrahams barn», ei forteljing om det felles opphavet for kristne, jødar og muslimar.

Altså eit brennaktuelt stykke for oss alle i dag. Alle tre religiønane gjer krav på Abraham som stamfar, men er det ikkje eigentleg den same historia fortald på tre ulike måtar?

«Mi oppgåve er å fortelje ei god historie», seier Svein Tindberg. «Eg håpar publikum går ut med eit smil om munnen, men og med meir kunnskap. Vi må vite litt om kvarandre om vi skal kunne bu saman». Førestillinga varer i om lag to og ein halv time, med pause.

Framhald frå side 11

Når vi teiknar oss med krossen, gjer vi det slik:  
Veslefingeren og ringfingeren bøyer vi inn i høgra handa. Dei tre andre fingrane held vi rett opp. Så fører vi høgra handa først frå panna og ned til brystet, og så frå venstre til høgra skulder medan vi seier: I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande. Amen.

Dei tre fingrane som vender opp, minner oss om den treeininge Gud:  
Langfingeren står for Faderen, peikefingeren for Jesus og tommelen for Den heilage Ande.  
Dei to fingrane som er bøygd ned, seier kven Jesus er: Ringfingeren står for at Jesus er sann Gud og veslefingeren står for at Jesus er sant menneske.

### Utgjeve av:

Kyrkjelydane i Indre Nordfjord  
[www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)  
Illustrasjoner v. Magne Kristiansen



Svein Tindberg.

Jule- og nyttårsfest i Hornindal  
5. januar



Den tradisjonelle jule- og nyttårsfesten som Hornindal sokneråd og NMS Misjonsforeininga arrangerer vert på Hornindal Omsorgssenter laurdag ettermiddag 5. januar. Sjå nærmere om program og klokkeslett i Fjordingen.

**Songstund i Hornindal kyrkje**  
**søndag 27. januar**

kl. 19.30, ved Hornindal songlag, Bjørn Solum og Kjetil Netland.

Øystein og Kristin Frivold med songkveld i Hornindal, 24. februar

Far og dotter Frivold har sagt ja til ei innbyding til å halde ein songkveld i Hornindal kyrkje søndag kveld 24. februar. Øystein og Randi Frivold var prestefolk frå 1988 av i Hornindal, og her er dottera Kristin fødd. Ho tek no vidareutdanning i song ved Høgskulen i Volda. Kristin har, til liks med faren, ei songstemme og songglede som både varmar og grip. Soknerådet vil understreke at arrangementet er ope for heile indre Nordfjord.

## Konsert i Nedstryn kyrkje

**Fredag 21. desember kl. 20**

Fredag 21.desember vil fire unge musikarar frå Stryn og Ålesund halde ein julekonsert i Nedstryn kyrkje med ein eigen vri på kjende og kjære julesongar.



Bandet består av Håkon Hagen Knudsen (Ålesund) på saksofonar, han studerer for tida utøvande

jazz ved konservatoriet i Stavanger. Runar Netland (Stryn) på perkusjon, som går Jazz, pop, rock linja på Viken folkehøgskule. Simon Kjelsvik (Ålesund) på kontrabass, lærarstudent med fordjupning i musikk på høg-



skulen i Bergen. Sissel Marie Netland (Stryn) på vokal og tangentar, studerer musikk ved høgskulen i Volda.

## Den kristne trua i lommeformat

Til hjelp i konfirmantarbeidet/ trusopplæringa har kyrkjelydane i indre Nordfjord no gjeve ut ein foldar i "lommeformat" som inneholder mange av dei sentrale sanningane i den kristne trua.  
Foldaren er også utlagt i kyrkjene til utdeling.

### Herrens bøn

Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.  
(Matt 6, 9 – 13)



### Morgenbøn

Eg takkar deg, himmelske Far, ved Jesus Kristus, din kjære Son, fordi du har vara meg i natt frå all skade og fare, og eg bed deg at du i dag må vara meg frå all synd og alt vondt, så all mi gjerning, og heile mitt liv må vere til hugnad for deg.  
(Martin Luther)

### Kveldsbøn

Herre, lat meg få kvila trygt hos deg, slik eg ein gong i dåpen kvilte i ditt fang. Herre, eg er jo din eigedom. Eg takkar deg for alt og sokjer min ro i skuggen av dine venger.  
(Bo Giertz)

### Bordbøn

Herre, di jord gjev oss mat nok for alle, Takk for den delen du vil vi skal få. Lær oss å dekkje eit langbord i verda Som alle kan reise seg mette frå. Amen. Amen.

Herre, vi reiser oss mette frå bordet, Takk for dei kreftene vår kropp har fått. Nye skal sitje ved bordet og ete, Når du får fordele, har alle nok. Amen. Amen.  
(Vidar Kristensen/Oskar Stein Bjørlykke)

### Joh 8, 12

Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

### Den vesle Bibelen:

For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.  
(Joh. 3, 16)

### Joh 14, 6

Jesus seier: «Eg er vegn, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.»

### Forsakinga

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

### Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, før opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde. Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.  
Amen.

### Dåps- og misjonsboden

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei

å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. (Matt 28, 18 – 20)

### Innstiftingsorda for nattverden

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav lærersveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

### Dei ti boda

Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.  
Du skal ikkje misbruка namnet  
til Herren din Gud.  
Du skal halda kvildedagen heilag.  
Du skal heidra far din og mor di.  
Du skal ikkje slå i hel.  
Du skal ikkje bryta ekteskapet.  
Du skal ikkje stela.  
Du skal ikkje vitna falskt mot nesten din.  
Du skal ikkje trå etter huset til nesten din.  
Du skal ikkje trå etter ektemaken  
til nesten din, eller arbeidsfolket hans  
eller noko anna som høyrer  
nesten din til.

### Det doble kjærleiksbotet

Du skal elskar Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit, og elskar nesten din som deg sjølv. (Luk 10, 27)

### Den gylne regelen

Alt de vil at andre skal gjeira mot dykk, skal de òg gjeira mot dei. (Matt 7, 12)

### Krosssteiknet

Krossen er Jesus sin logo. Vi teiknar oss med Jesus sitt merke fordi:

- Det minner oss om at vi er døypte i namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande.
- Det er ein måte å vise at vi trur på Jesus
- Det er ei bøn om at Jesus må vere nær oss og ta vare på oss



# Salmen min

Av Johan Gjørven

Då eg vart utfordra til å skrive om "Salmen min" i Kyrkjeklokka, tenkte eg at det ikkje skulle by på problem. Men då eg skulle velje ut ein salme, var det ikkje enkelt. For meg er både tekst og melodi viktig, og det finst mange salmar som oppfyller krava. Etter å ha sett etter i Kyrkjeklokka, er det også salmar som er skrivne om før som eg kunne tenkt meg å skrive om. Det skal eg ikkje gjere.

Sidan vi er i adventstida, og jula nermar seg, har eg plukka ut ein julesalme som eg tykkjer svært godt om: "Stille natt! Hellige natt!" Melodien er roleg, mild og fredfull. Stryn Blandakor har han på repertoaret sitt, og eg tykkjer harmoniane er fine. Eg likar godt å få vere med å syngje denne på julekonserten. Det er liksom at når vi er ferdige med å syngje denne, - ja då er jula koma.

Heime har vi halde på tradisjonen med å syngje rundt juletreet på julafesta. Vi har alltid vore så mange at vi har nådd rundt treet, og eg synest det er ein fin og god tradisjon, som eg håpar blir ført vidare. Vi har nok aldri sunge "Stille natt", men "Glade jul", som er den danske omsetjinga gjort av Jørgen Ingemann i 1850.

"Stille natt" kjem frå Østerrike. Det fleire forteljingar om korleis den vart til. Kanskje er det denne: Den



unge hjelpepresten Joseph Mohr kom til kyrkja tidleg på julafta i 1818 for å førebu kveldsgudsstenesta. Der møtte han organisten Franz Gruber som var heilt fortvila. Det kom ikkje ein lyd i orgelet, det var fleire hol i belgen. Og det kunne ikkje reparerast på så kort tid. Kva skulle dei gjere? Joseph Mohr fann på råd. Han sette seg ned og skreiv ein tekst til ein song dei kunne framføre. Då han var ferdig med det, gav

han teksten til Gruber som fekk i oppdrag å skrive melodi. Det vart gjort, og på julegudstenesta vart så "Stille natt" sungen av Mohr, Gruber, to kvinner og eit lite barnekor.

I dag er denne teksten oversatt til rundt 300 språk, og i alle kristne land vert truleg denne salmen sungen i jula. Det blir fortalt at julafta i 1914, under 1. verdskriga, låg britiske og tyske soldatar og kjempa mot kvarandre ved fronten i Ypres i Belgia. Då mørkret senka seg, skimta britane at nokre tyske soldatar klatra opp i trea bak skyttargravene. Dei undra seg. Så vart det lys i trea. Soldatane hadde pynta trea sidan det var jul. Og like etterpå song dei "Stille Nacht! Heilige Nacht!". Då tonane stilna, steig ein ny song opp - frå den andre sida: "Silent night! Holy night". Det var britane. Det blir og fortalt at dei

## Stille natt

Melodi: Franz Gruber  
(1787-1863)

Tekst: Joseph Mohr (1792-1848)  
Til norsk ved: Erik Hillestad

Stille natt, hellige natt  
alt har sovn og mørke tatt.  
Trofast våker de hellige to  
varsomt vugger de barnet til ro.  
/:Jorden tar himlen i favn :/

Stille natt, hellige natt  
Barnet er vår største skatt.  
Hyrder vekkes av gåtefull klang  
Natten fylles av englenes sang.  
/:Kristus, vår frelsjer er født:/

Stille natt, hellige natt  
Aldri ble vår jord forlatt.  
Himlen smiler fra barnets munn  
Kommer nær  
i en frelsende stund.  
/:vier Guds fremtid til vår:/



gjekk mot kvarandre og tok kvarandre i hendene før dei gjekk tilbake til skyttargravene sine.

Då SKRUK med dirigenten Per Oddvar Hildre skulle gje ut juleplate i 1991, måtte dei sjølvsagt ha med den mest kjende av alle julesongane. Men dirigenten kunne ikkje bli fortruleg med teksten i "Glade jul".

Framhald side 14

# Oddny under open himmel

## Fred på jord

Ein laurdagsmorgen i juli sat eg og åt ein vanleg god frukost. På same tid høyrde eg dagsnytt i radioen. Der vart det opplyst: "Det har vorte meir krig i verda. Det har vore ein auke på 20% frå 2010, frå 31 til 37 konfliktar". I nyheitene på TV ser vi dagleg bilde av samanstøytar, drap og blodige kampar. Kvifor skal det vere slik? Er fredsarbeidet mislukka? Mange av konfliktane er pga. ulike religionar. Dette gjer det endå verre, tykkjer eg. Kva med toleranse og menneskerespekt? Ei stille bøn om fred på jord og konfliktløysingar trengde seg fram, og ei takk for freden som vi har i landet vårt.

Vi er komne langt ut i året. Vi er byrja på adventstida, ei førebuing til jula 2012. Eg har leita fram eit vers i boka "Eli's julegleder" av Stig Nilsson:

*"Fire små lys vi tenner  
varmer som gode venner.  
Fire små lys i lydløst kor  
i stille bønn om fred på jord,  
fred på jord".*

Desse setningane vil eg bruke når eg kveikjer adventslysa i år. Det er godt å fornye seg litt.

*"Lyset er som håp,  
så lat dei få skine.  
Lyset er som tru, så lat dei få skine.  
Lyset er som fred, så lat dei få skine.*

Kring jula er vi ekstra gåvmilde. Kan vi vere gåvmilde utan først å vere takksame? Til meir takksam du er, til meir gåvmild vil

helse, leve-dagar, glede, von, tru, familiie, med menneske og vene.



du bli. Gåvmildheita tek til når ein blir bevisst om kva ein har fått. Det gjeld ikkje berre glitter og mange ting, men

Velsigna julehelg!



Så kjem julevelden. Lat oss samlast om kjære julesongar, fine tonar og juleevangeliet i heim og kyrkje! Er det ikkje fint at kyrkje-klokkena ringjer inn jula, og gjev fred til gränd og by? Ei oppleving i kyrkja julafstan for tre år sidan står framleis for meg. Ofringa var byrja. Ein treåring trengde seg fram til altarringen, der Betlehemsstallen var sett opp som pynt. Han vart henta tilbake til kyrkjebenken, og så byrja han å gråte. Då eg spurde kvifor han gret, svarte han: "Eg vil sjå Jesus!" Ja, lat oss trengje oss fram for å få sjå Jesus, og sei til dei andre: Kom og sjå! Så syng vi med David: "Ja, du er mitt ljos, Herre. Herren lyser opp i mitt mørker".

Vi veit at jula er høgtida som gjer det gode betre, og det vonde vanskelegare. Og det er høgtida der vi ønskjer oss det beste for alle. Kvar jul er det nokon som feirar med ein for lite rundt bordet. Vi er mange som har mist ein kjær dette året.

## Mot jul

Av Margrethe  
Munthe

Som'ren er borte, dagene korte,  
men gjennom mørke,  
tåke og regn  
langt i det fjerne  
lyser en stjerne –  
Betlehems-stjernen,  
det himmelske tegn.

Snart skal vi høre  
klokkena føre  
budskap om høytid  
i hjemmene inn.  
Klart skal det klinge,  
inn skal de ringe  
julen for alle – i hjerte og sinn.

Granen vi tenner,  
atter vi kjenner  
julens vidunderlig barnlige fryd.  
Intet oss tynger  
medens vi synger  
julekveldsangen  
med jublende lyd!



Slekt  
skal følgje  
slekters  
gang



**Oppstryn**

**Døde:**

24/10 Karin Synnøve Andersen,  
f. 1938.

**Vigde:**

13/10 Jeanette Nygård og Espen  
Berstad

**Nedstryr**

**Døypte:**

- 9/9 Ådne Sunde.  
For.: Hilde Cecilie Smørdal  
og Øyvind Sunde
- 9/9 Jens-Petter Aaland-Skarstein.  
For.: Ellen-Dina og Lars-Erik  
Aaland-Skarstein.
- 7/10 Marius Svidal-Sande.  
For.: Irene Lillian Svidal og Knut  
Sande.
- 21/10 Sebastian Maurset Bicet.  
For.: Marianne Røe Maurset  
og Albert Bicet Toreau.
- 21/10 Maiken Tansøy Stølen.  
For.: Siren Tansøy Eide og Daniel  
Stølen Kvamme.
- 4/11 Aksel Guddal Breivik.  
For.: Torill Guddal og Torstein  
Breivik.

**Døde:**

- 1/6 Per Johan Ytreeide, f. 1954.
- 23/10 Oddgeir Egge, f. 1959.
- 6/11 Ivar Andreas Gjørven, f. 1926

**Loen**

**Døypte:**

- 30/9 Jonas Øen Omberg.  
For.: Solgunn Øen og Nils Jørgen  
Omberg.

**Døde:**

- 2/10 Steinvor Lunde, f. 1943.
- 21/10 Oddvar Oppheim, f. 1932.

**Hornindal**

**Døypte:**

- 2/9 Joakim Lødemel.  
For.: Solveig Hestenes Lødemel  
og Frode Lødemel

**Døde:**

- 8/9 Aud Gausemel, f. 1937
- 2/10 Peder Hatlelid, f. 1927
- 12/10 Amund Taraldset, f. 1935
- 6/11 Nella Lødemel f. 1921

**Nordsida**

**Døypte:**

- 7/10 Lukas Sjåstad.  
For.: Matilda Lovise Hansen  
og Stian Sjåstad.
- 28/10 Alma Sæten-Haaland.  
For.: Tanja Kristin Haaland  
og Trond Sæten.

**Randabygd**

**Døde:**

- 26/10 Magnhild Kandal, f. 1929

**Utvik**

**Døypte:**

- 30/9 Hermine Njøsen Williams.  
For.: Remi Anthony Williams  
og Bjørg Valaker Njøsen

**Døde:**

- 22/9 Olav Hestenes, f. 1923.
- 12/10 Olav Paulen, f. 1924.

**Innvik**

**Døypte:**

- 2/9 Magnus Nygård Haugen.  
For.: Bjørn Aage Haugen og Sølvi  
Håøy Nygård
- 21/10 Pernille Reme.  
For.: Oddbjørn Reme og Ingunn  
Pedersen. (Døypt i Olden)

**Olden**

**Døypte:**

- 14/10 Oskar Opheim Flåten.  
For.: Erik Flo Flåten og Silje-Katrin  
Opheim. (Døypt i Loen)

**Døde:**

- 23/9 Ivar Håheim, f. 1929

Framhald frå side 12


Han bad Erik Hillestad skrive ein ny og betre tekst. Hillestad fann fram Mohr sin opprinnelige tekst og oversette den til norsk. Dagen etter at Hildre fekk den nye teksten, song SKRUK inn "Stille natt! Hellige natt!" Fleire og fleire brukar no teksten til Hillestad.

I oktober var eg så heldig å få vere med Stryn Blandakor til Sør-Afrika. Ein fantastisk tur, der vi fekk sjå og oppleve mykje. Det som gjorde mest inntrykk på meg og som sit sterkest i minnet, er då vi vitja det fattige folket i Langa – i utkanten av Cape Town. Det var gudssteneste i eit klasserom på skulen deira. Songen og preika var så engasjerande. Borna sat fint og roleg på bakerste benkane og var med dei og. Det var nok ikkje berre eg av nordmennene som sat med tårer i augene, og var vitne til det underlege engasjementet dei innfødde hadde. Dei var fattige på jordisk rikdom, men rike på det åndelege.

Eg håpar at både desse siste eg skreiv om, og alle vi andre kan finne glede og fred når vi les eller syng "Stille natt".

*Eg utfordrar Henny Koppen til å skrive om sin song/salme til neste nummer.*





# Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkommen i nabokyrkja

**16. desember; 3. s i adventstida –  
Joh 5, 31-36**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til LEVE  
Nordsida 15:00 Julekonsert. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet  
Olden 16:00 Konsert  
Utvik 16:00 Julekonsert  
Hornindal 16:00 Julekonsert med lokale kreftar.  
Kollekt til song- og musikkarbeidet i kyrkjelyden.  
Innvik 18:00 Julekonsert  
Nedstryne 20:00 Julekonsert. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet

**18. desember; tysdag**

Nedstryne 09:30 Barnehagegudsteneste  
Oppstryn 20:00 Konsert

**20. desember; torsdag**

Honndalshallen, Hornindal 17:00 Framvising av Den Store Kongen

**21. desember; fredag**

Nedstryne 09:45 Skulegudsteneste for Tonning skule  
Nordsida 10:00 Skulegudsteneste  
Nedstryne 10:30 Skulegudsteneste for ungdomsskulen  
Nedstryne 20:00 Konsert. Sjå omtale side 10

**23. desember; 4. s i advent – Matt 1, 1-20**

Ljosheim 11:00 Gudsteneste  
Hornindal omsorgsenter 16:00 Gudsteneste

**24. desember; Julaftan – Luk 2, 1-20**

Randabygd 13:00 Gudsteneste  
Olden 14:00 Gudsteneste  
Loen 14:30 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp  
Nordsida 15:00 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp  
Innvik 16:00 Gudsteneste  
Utvik 16:00 Gudsteneste  
Nedstryne 16:15 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

**25. desember; Juledag – Joh 1, 1-14**

Loen 10:00 Katolsk messe  
Nedstryne 11:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS - Mali  
Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste  
Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste. Song ved Hornindal songlag.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp  
Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS - Mali

**26. desember; 2 juledag – Joh 16, 1-4a**

Innvik 11:00 Gudsteneste  
Nordsida 11:00 Gudsteneste. Nattverd  
Nedstryne 20:00 Ung messe

**30. desember; Romjulssøndag –  
Luk 2, 25-35**

Loen 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til NMS - Mali

**31. desember; Nyårsaftan – Matt 11, 25-30**

Hornindal 15:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn. Takkoffer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden

**01. januar; Nyårsdag (Jesu nammesdag) –  
Matt 18, 19-20**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste  
Utvik 12:00 Gudsteneste

**06. januar; Kristi openberring –  
Joh 12, 42-47**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste  
Olden 11:00 Gudsteneste

**12. januar; laurdag**

Loen 17:00 Katolsk messe

**13. januar; 2. s i openberringstida –  
Joh 1, 29-34**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste  
Innvik 11:00 Gudstenest  
Hornindal 11:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn  
Nordfjord folkehøgskule, Vereide 15:00 Avspark for ungdomsåret i Bjørgvin

**20. januar; 3. s i openberringstida –  
Joh 1, 15-18**

Loen 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige  
Utvik 11:00 Gudsteneste  
Nordsida 11:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn

**25. januar; fredag**

Grendahuset, Oppstryn 20:00 Kyrkjelyden sin årsfest

**27. januar; Såmannsøndag – Matt 13, 24-30**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste med utdeling av Barnas kyrkjebok  
Olden 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige  
Loen 15:00 Katolsk messe  
Hornindal 19:30 Songkveld

**03. februar; Kr forkl dag – Luk 9, 28-36**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Utdeling av Barnas kyrkjebok  
Innvik 11:00 Gudsteneste  
Hornindal 11:00 Gudsteneste  
Loen 15:00 Gudsteneste. Utdeling av Barnas kyrkjebok  
Kyrkjelyden sin årsfest i bygdahuset etter gudstenesta  
Urdabrun, Utvik 15:00 Kyrkjelyden sin årsfest  
Nordsida 16:00 Gudsteneste

**09. februar; laurdag**

Loen 17:00 Katolsk messe

**10. februar; Fastelavns-søndag – Luk, 31-34**

Nedstryne 11:00 Vinter treff. Biskop Halvor

Nordhaug og Tensing Norge vert med

**17. februar; 1. s i fastetida – Matt 26, 36-45**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste  
Olden 11:00 Gudsteneste  
Hornindal 11:00 Gudsteneste

**24. februar; 2. s i fastetida – Luk 13, 22-30**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde  
Loen 15:00 Katolsk messe  
Innvik 16:00 Gudsteneste  
Randabygd 11:00 Gudsteneste

**03. mars; 3. s i fastetida – Luk, 22, 28-34**

Loen 11:00 Gudsteneste  
Utvik 11:00 Gudsteneste  
Nordsida 11:00 Gudsteneste  
Betania, Stryn 19:00 Kyrkjelyden sin årsfest

**09. mars; laurdag**

Loen 17:00 Katolsk messe

**10. mars; 4. s i fastetida – Joh 6, 24-36**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste  
Olden 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige  
Hornindal 19:30 Gudsteneste

**17. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 39-45**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste  
Innvik 11:00 Gudsteneste

**22. mars; fredag**

Loen 12:30 Skulegudsteneste

**24. mars; Palmesøndag – Luk 18, 31-43**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige  
Utvik 11:00 Gudsteneste  
Ljosheim 20:00 Gudsteneste

**28. mars; Skjærtorsdag – Joh 13, 1-17**

Innvik 11:00 Gudsteneste  
Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste  
Bruasetra, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste ved Jon Ytrehorn  
Oppstryn 20:00 Gudsteneste  
Nordsida 20:00 Gudsteneste

**29. mars; langfredag – Luk 22,39 – 23,46**

Nedstryne 11:00 Gudsteneste  
Loen 12:00 Katolsk messe  
Olden 20:00 Pasjonsgudsteneste

**31. mars; påskedag – Joh 20,1-10**

Nedstryne 09:00 Høgtidsgudsteneste  
Loen 10:00 Katolsk  
Oppstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste  
Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste  
Randabygd 11:00 Høgtidsgudsteneste  
Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

**01. april; 2. påskedag – Joh 20, 11-18**

Loen 11:00 Gudsteneste  
Misjonsheimen, Innvik 11:00 Gudsteneste  
Nordsida 11:00 Gudsteneste

**B**

Fulldistribusjon

## Besøk nabokyrkja!

Volda og Ørsta har blitt våre nære grannar. Frå Grodås til Austefjord eller til Bjørke er det berre eit kvarters køyring. I begge desse bygdene er det kyrkjer, og frå begge sider av fylkesgrensa er det kome ynskje om å



kunne besøke kvarandre i samband med gudstenester og andre kyrkjelege tilskipningar.

Her følgjer oversikt over dagar då det er gudstenester i dei to kyrkjene, fram til og med mars månad. Merk: I Volda og Ørsta kyrkjer er det gudsteneste dei fleste søndagar. Nærmore opplysnings om gudstenester, konserter, møte- og foredragskveldar er å finne på heimesidene til dei to kyrkjene:

Volda: [volda.kyrkja.no](http://volda.kyrkja.no)  
Ørsta: [ikyrkja.no](http://ikyrkja.no)

**Gudstenester i Austefjord kyrkje, Fyrde:**  
2. des kl. 16; 25. des kl. 11; 31. des kl. 16;  
13. jan kl. 11; 27. jan kl. 11;  
10. feb kl. 11; 24. feb kl. 20;  
10. mars kl. 11; Langfredag kl. 11; 1. påskedag kl. 11.

**Gudstenester i Bjørke kyrkje (bildet t.v.):**  
2. des kl. 16; 24. des kl. 12;  
26. des kl. 11; 1. jan kl. 11;  
27. jan kl. 11; 24. feb kl. 11;  
10. mars kl. 11; Langfredag kl. 20;  
1. påskedag kl. 20.

Våre grannekyrkjer i nord ynskjer nordfjordingar velkomne. J.Y.



## Grønt kor!

Stryn barnekor har no fått seg nye T-skjorter, som er i bruk kvar gong ungane syng på ulike arrangement. Desse er, som de ser, grøne, og då kom vi på at det ville vere ein fin tanke å bli "Grønt kor". Vi gjør det enkelt; på kvar øving, når vi er ferdige med bibelforteljinga, opnar vi for forslag om kva vi kan gjere for å ta vare



Her er Stryn Barnekor i aksjon i samband med Betania-basaren i slutten av oktober.

på jorda vår. Og ungane er flinke og kjem med gode, enkle forslag, som vert skrive på ein grøn plakat. Så langt står det:

- Ikke kaste søppel i naturen
- Pante flasker
- Brette/levere mjølkekartongar
- Ikke øydeleggje tre og plantar
- Vere snill mot dyra, og passe godt på dei.

Den oppveksande slekt har skjønt mykje om å ta vare på jorda vår!

ÅUB.

## KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca. 15. mars. Redaktør blir Anna Marie Skogli.  
Stoff kan sendast på e-post til [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 25. august.